



Fagseminar  
Frivilligåret 2022

# FRIVILLIG I IDRETTE - KVIFOR ENGASJERE SEG?

Vestland idrettskrets markerer Frivilligåret 2022 og inviterer til gratis fagseminar i forkant av idrettskretstinget i Førde. Fagseminaret er ope for alle interesserte.

**Dato** Laurdag 2. april 2022 kl. 10.00 - 11.45  
**Stad** Scandic Sunnfjord Hotel & Spa  
**Pris** Gratis  
**Program**



## Velkomen

**Tone Stavland, Vestland idrettskrets** Tone er varamedlem i styret i idrettskretsen, og innleiar med ei helsing frå idrettskretsstyret i høve Frivilligåret 2022.



## Kva idretten betyr når livet tek uante vegar

**Lasse Lerum, Vevring Taekwondoklubb** Lasse vil fortelje si personlege historie frå kva idretten har betydd for han før, under og etter han vart råka av alvorleg sjukdom. Lasse har hatt mange verv i idrettslaget, og vil spesielt trekke fram dei positive sidene ved det å engasjere seg som frivillig.



## Ingen frivillige er kjipe folk!

**Sara Stokken Rott og Jeanette Heggen, Ungdomsutvalet Vestland idrettskrets**

Sara og Jeanette representerer gjennom sin unge alder framtida i norsk idrett, og vil fortelje om sine erfaringar både frå lokalt engasjement i Kalandseid IL og Selbjørn IL og vegen til regionale og nasjonale verv. Begge brenn for at fleire ungdommar skal engasjere seg og for ung medråderett. Her kan både ungdommar og vaksne få tips til korleis få med fleire unge frivillige.



## Er dugnadsånda svekt?

**Bjarte Gangeskar, Breimsbygda IL** Bjarte er avtroppande leiar i Breimsbygda IL. I Breim er dei kjent for stor dugnadsinnsats, og Bjarte vil snakke om kor avgjerande og viktig den frivillige innsatsen er for idrettslaget. Han kjem også innom tema frå NRK-intervju i februar, der han uttrykte uro for at dugnadsånda er svekt etter to år med pandemi.

Avslutning ved Vestland idrettskrets

[Klikk her for å melde på](#) innan 30. mars

NORGES  
IDRETTSFORBUND  
Vestland idrettskrets

